

Velkommen som konfirmant i Strand kyrkjelyd 2018/2019!

deltaking døden fellesskap
ballturnering konsert gruppesamtalar
livet Undervisning
LEIR Gud gudsteneste
JESUS



Bli med då vel!!

Konfirmasjonstida

Du kan velje mellom fleire alternativ:

Konfirmantopplegg 1: - med alt

Leir på Furutangen 17.-19. august

Undervisning, gudstenester, Konf.cup, konsert, foreldresamling, fasteaksjon, konfirmantfest.

Konfirmantavgift kr. 450 + leir kr 900

Pris kr 1350,-



Leir på Furutangen

Konfirmantopplegg 2: - utan leir

Undervisning, gudstenester, Konf.cup, konsert, foreldresamling, fasteaksjon, konfirmantfest.

Konfirmantavgift kr. 450,-



Leir på Furutangen

Konfirmantopplegg 3: Grunnpakken

Undervisning, gudstenester,

foreldresamling, fasteaksjon, konfirmantfest

Konfirmantavgift kr. 0,-



Konfirmantopplegg 4:

Tilrettelagt undervisningsopplegg for ungdom som har ein utviklingshemming.

Felles gruppe for Strand, Jørpeland og Forsand.

Føregår i Jørpeland kyrkje.

Konfirmantavgift er avhengig av kva aktivitetar ein blir med på.



Leir på Furutangen

Konfirmasjon 2019 i Strand kyrkje

laurdag 4. mai og søndag 12. mai.



Konf.cup på Forsand

Årshjul

Konfirmantleir 17.-19. august på Furutangen, Randøy

Me startar konfirmantåret med leir på Furutangen. Dette er ein flott sjanse til å bli betre kjende med kvarandre. Me skal ha undervisning, bada, dra på båttur og feira gudsteneste. Om kveldane blir det underhaldning og andakt.

Oppstart for dei som ikkje blir med på leir er fredag 1.september

Undervisning tysdag el onsdag kl.18-19.30/20 i Strand kyrkje, med oppstart veke 38.

Alle får like mykje undervisning. Dei som ikkje blir med på leir, får same tema i eigen undervisning. Etter jul blir det 3 gonger i grupper i staden for undervisning.

Konfirmantpresentasjon i Strand kyrkje 26.august og 16. sept.

Her er heile familien særleg invitert. Kyrjekaffi for alle etterpå.

Felles med kyrkjelydane Jørpeland, Forsand og Hjelmeland:

Konf.cup på Forsand kulturhus i feb/mars

Fotball, basketball, innebandy, bading, kiosk, temasamling, div.spel.....

Kirkens nødhjelps fasteaksjon 9.april.

Innsamlingsaksjon over heile landet der ein går på dørene med bøsse og samlar inn pengar.

Foreldresamling to gonger i løpet av året

Konfirmantfest ca to veker før konfirmasjon



Dåp: Nesten kvart år har me konfirmantar som ikkje er døypte. Dåp og konfirmasjon høyrer saman. Kryss av i påmeldinga dersom du ikkje er døypt, så kjem me tilbake til dåpen etterkvart.

KONFIRMANT* 2019

Pris

-konfirmantopplegg med leir - kr 1350 (konfirmantopplegg 1)

-konfirmantopplegg utan leir - kr.450 (konfirmantopplegg 2)

Grunnpakken i konfirmasjonstida er gratis.(konfirmantopplegg 3)

Påmelding skjer via heimesida www.strand-kyrkje.no under konfirmantpåmelding. Får du problem, send e-post til bodil.sande.turoy@strand.kommune.no

| |
|---|
| <p>Det blir eit informasjonsmøte i Strand kyrkje tirsdag 5. juni kl.18.00-18.45 for konfirmantar og føresette.</p> |
|---|

Velkommen!

Me håper at du gjennom å vera konfirmant vil læra meir om kven du sjølv er og kva du skal tru, om det å tilhøyre ei kyrkje, men mest at du kan få læra den levande Gud betre å kjenna.

Informasjon vil bli lagt ut på heimesida vår: www.strand-kyrkje.no

og i Facebook-gruppa **Konfirmant i Strand 2019**. Gruppa er for både konfirmantar og føresette.

Har du spørsmål når det gjeld konfirmanttida?

Kontakt Strand kyrkjelyd på tlf. **51 74 11 37/51 74 11 30**

**Med helsing
staben i kyrkjelyden**

Bodil Sande Turøy, kateket

Martin Ivar Arnesen, sokneprest

Anita Grødem, menighetspedagog